



PROSJEKTPLAN

VANYLVEN 2027

Kort skildring av prosjektet:

Prosjektet «Vanylven 2027» tek sikte på å handtere utfordringar knytt til kommunal tenesteproduksjon – dette i høve til den aukande del eldre over 80 år og ein reduksjon av born og tal på innbyggjarar i arbeidsfør alder frå 18 – 67 år. Samtidig så har kommunen store utfordringar med utanforskap blant unge, og svak næringsutvikling. Med reduserte ressursar og få offentlege arbeidsplassar, så vil vi få press på dei kommunale tenestene. Alle disse endringane må vi ta med oss i arbeidet og sikre oppdaterte planar og reguleringar for å møte framtidens utfordringar.

Kommunen må knyte prosjektet til tiltak for inntektsauke, innsparing, effektivisering og digitalisering/digital transformasjon. Dette gjeld automatisering og robotisering av oppgåver innanfor tenestekområda økonomi, lønn, byggesaker og velferdstenester, samt bruk av AI i tenesteproduksjonen til kommunen.

Vanylven kommune må truleg legge om drifta av kommunen frå 2027 med fokus på redusert produksjon og høg effektivitet, - noko som utfordrar oss i høve til den organisasjonsmodellen kommunen har i dag. Vi har dei siste åra tilpassa oss så godt vi kan i eksisterande organisasjon, men i framtida må vi sjå om det er mogleg å organisere oss på ein annan måte. Kommunen må omstille seg raskare enn vi klarere å digitalisere oss og då må vi auke tempoet i omstillinga – noko kommunedirektøren allereie i 2018 understreka i ein [kronikk i Kommunal Rapport](#). Men det viktigaste av alt, er at desse endringane må gjerast i samarbeid med innbyggjarane og næringslivet – der kommunen først må kartleggje [dagens tenestereise](#) og deretter planleggje for korleis [ny tenestereise](#) skal vere for innbyggjarane og næringslivet.

Kommunedirektøren ynskjer å nytte [designmetodikk i prosjektet](#), slik kommune fekk innblikk i og gjennomføre i DOGA sitt Gnist-prosjekt om Stad skipstunnel i 2021.

Stad: Fiskå Dato: 8. april 2024

Andreas Christian Nørve
kommunedirektør

Prosjektansvarleg/prosjekteigar:

Namn: Paul Sindre Vedeld

Tittel: ordførar

Organisasjon: Vanylven kommune

Prosjektleiar

Namn: Andreas Christian Nørve


Tittel: kommunedirektør

Organisasjon: Vanylven kommune

1.1.1 Bakgrunn – framtidspiletet

Kor førebudd er vi på framtida? Dersom vi skal halde oppe velferda og skape gode lokalsamfunn, må vi handle no. Kommunesektorens organisasjon (KS) sitt [Framtidsverktøyet 2040](#) viser problema kommunane må handtere og val vi kan ta.

Det visast her til at kommune-Norge opplever store endringar. Folk flyttar mot byane. Vi blir fleire eldre. Behovet for tenester aukar. Utfordringane er langsiktige, og må forståast for å kunne løysast, og som det blir sagt «Det er for sent å fikse 2040 i 2040». I Framtidsverktøyet visast det til at Vanylven kommune i dag har følgjande status for sysselsetting, demografi, utanforskap, økonomi samt plan/regulering og infrastruktur:



Prosjektet Vanylven 2027 vil sjå på alle desse områda innleiingsvis i prosjektplanen.

1.1.2 Sysselsetting – utfordringar og løysingar

1.1.3 Demografi – endringane, organisasjonen og tenestene

1.1.4 Utanforskap – talgrunlaget til kommunen

1.1.5 Økonomi – delegasjon, leiing og resultat

1.1.6 Planlegging – plan, regulering og infrastruktur

Deretter vil vi i prosjektplanen sjå på endringar som allereie er gjort samt løysingar som kan setjast i verk og/eller prøvast ut fram mot 2027 – med drift frå 1. januar 2027.

1.1.2 Sysselsetting – utfordringar og løysingar

Kommunen må leggje til rette for etablering arbeidsplassar i kommunen, både gjennom planar og reguleringsarbeid samt gjennom næringslivstilpassingar som sikrar ei slik utvikling. Det blir lagt til grunn at ein arbeidsplassar i kommunen i gjennomsnitt skapar synergjar for to arbeidsplassar til, og det er difor viktig å fokusere på dette framover.


I tillegg må kommunen truleg tenke nytt når det gjeld å sikre nok fagpersonar til den kommunale drifta. Vanylven kommune må sjølvstendig ha optimisme, engasjement og framtidstru og her visast det spesielt til synergiane som bygging av [Stad Skipstunnel](#) vil få for regionen som Vanylven er ein del av. Kommunen var med på [Doga](#) sitt [Gnist-program](#) i 2022, der Blåmyra og Nordplan i samarbeid med kommunen utarbeida ein rapport om [«Verdien i ein skipstunnel»](#). Utbygginga av tunnelen er stipulert til å koste minst kr 5 milliard. Ein høg del av desse midlane vil truleg bli brukt i regionen og skape synergjar som er vanskeleg å sjå konsekvensane av, men dette vil sjølvstendig slå positivt ut for sysselsetting og etablering av nye næringar i regionen.

Men Vanylven kommune må likevel også ha ei smart tilpassing opp mot ei eventuell befolkningsnedgang, og dei utfordringar det vil skape når det gjeld sysselsetting i kommunal kjerneverksemd. Kommunen deltek i 2024 i eit nordisk prosjekt gjennom [Nordregio](#) – [«Smart Adaptation to Rural Realities»](#), som kan gi oss innsyn og forståing for slik smart tilpassing og då saman med kommunar i Norge, Sverige og Danmark. I ein [artikkel på nrk.no 27. august 2023](#), så viser direktøren i Distriktssenteret til:

«Langs kysten kryr det av nye og gamle arbeidsplassar innan havbruk, offshore og det grønne skiftet. Men fleire kystkommunar ser at arbeidsplassane ikkje nødvendigvis lar seg «omsette» til fleire fastbuande. I staden er tendensen at arbeidstakarane flyg inn og ut etter modell av australske gruvebyar («FIFO-workers»: «fly-in-fly-out»).

Vanylven kommunen ser det same innanfor helse- og omsorgssektoren, der vi truleg vil få mangel på helsefagarbeidarar, sjukepleiar, vernepleiarar og legar. Vi må truleg vurdere same løysinga med «FIFO-workers» for kommunalt tilsette. Dette kan vi gjere ved å byggje vidare på ordninga vi har for tilsette i Ressursbank, der vi i dag tilbyr langvakter og hybelhus for tilsette i helse og omsorgs som bur i andre kommunar.

Kommunen må også satse på å leggje til rette for næringslivsetableringar og vi har følgjande utvikling for private og offentlege arbeidsplassar frå 2000 til 2023:




I same perioden så har folketallet blitt redusert med snart 1.000 innbyggjarar og vi må truleg forvente ein ytterlegare nedgang i folketallet. Dette vil føre til eit redusert inntektsgrunnlag for offentlege arbeidsplassar, og kommunen må difor framover redusere tal tilsette på ikkje lovpålagde tenester.

Vidare må vi redusere tenestetilbodet på lovpålagde tenester til eit nivå som er økonomisk berekraftig over tid.

1.1.3 Demografien – endringane, organisasjonen og tenestene

1.1.3.1 Demografien

Vanylven kommune ligg på Søre Sunnmøre og har eit areal på 385 km² og kommunen har 1. januar 2024 3.026 innbyggjarar – med følgjande innbyggjartal i dei største krinsane – tal og oversikt er henta frå Telemarksforsking's [regionalanalyse](#).




Kommunen har dei siste 20 åra hatt ei sentralisering av befolkinga i kommunen, der folketalet på Fiskå (0,69 km² - mørke blått) dei siste 20 åra har hatt ein auke på 19,1 % i folketalet. Sjølv om vi har hatt auke i folketalet på Fiskå på 76 innbyggjarar, så har folketalet i kommunen totalt gått ned med 726 personar i same perioden.

Dersom vi nyttar regionalanalyse til å sjå fram mot 2050, så vil vi få ein folketalsnedgang i alle grunnkrinsane, med unntak for Fiskå – og det visast til tabellen nedanfor:

Grunnkrinsane	Status	Endring	Endring	Endring	Endring	Endring	Status
Innbyggjarar	2025	-> 2030	-> 2035	-> 2040	-> 2045	-> 2050	2050
Fiskå	473	+62	+60	+45	+34	+18	718
Rovde	155	-3	-4	-9	-10	-13	113
Åheim	294	-27	-26	-32	-34	-33	135
Eidså	121	+9	+8	+3	-1	-4	146
Slagnes	139	-10	-9	-10	-11	-13	79
Syvde (Vik)	189	-27	-23	-23	-23	-18	51
Andre krinsar	1655	-110	-116	-136	-145	-149	938
Totalt	3026	-106	-110	-161	-189	+211	2182

Kommunen vil frå 2027 få ein sterk auke i tal på eldre over 80 år og her er ei oversikt over krinsane med flest og minst innbyggjarar over 80 år i 2050:




Kommunen har også prognosar på tal eldre over 80 år i dei ulike grunnkrinsane frå 2025 fram mot 2050:

Grunnkrins	Status	Endring	Endring	Endring	Endring	Endring	Status
Innbyggjar 80+	2025	-> 2030	-> 2035	-> 2040	-> 2045	-> 2050	2050
Fiskå	32	11	12	4	5	10	74
Rovde	12	2	4	10	6	0	34
Åheim	28	4	-1	-1	6	11	47
Eidså	5	6	9	3	1	1	24
Slagnes	9	-1	4	7	5	2	25
Syvde (Vik)	16	11	7	0	-3	-4	27
Andre krinsar	155	47	37	4	-2	-6	239
Totalt	257	+80	+72	+27	+18	+14	470

Dersom vi ser på perioden 2025 – 2030, så er auka på innbyggjarar på 80+ år på 31 %. I perioden 2025-2035, så er auka på innbyggjarar 80 år eller eldre på 59 %. Totalt i perioden 2025 – 2050, så er auke på 82,5 % på innbyggjarar over 80+ år frå og dette vil truleg auke presset på helse- og omsorgssektoren – **spesielt fram mot 2035**.

Auken i tal eldre over 80 år blir også forventta å føre til ein auke i omsorgsbudsjettet, som vi truleg ikkje klarer å finansiere åleine ved ei omfordeling frå andre sektorar i kommunen.

Det blir her vist til at kommunen i tillegg har, og truleg vil få store utfordringar knytt til utanforskap blant unge i same perioden, slik at ein nedgang og reduksjon i elevar i grunnskulen ikkje er tilstrekkeleg til å finansiere den sterke auken i helse- og omsorgssektoren. Dersom vi ser på utviklinga i skulekrinsane for 6-15 år fram mot 2050, så gir det følgjande prognose for nivået for dei ulike skulekrinsane i 2050:



Dersom vi ser på endringane i periodane, så gir prognosane følgjande tal for elevar i grunnskulen i dei ulike periodane frå 2025 og fram mot 2050:

Skulekrinsane	Status	Endring	Endring	Endring	Endring	Endring	Status
Grunnskuleelevar	2025	->2030	->2035	->2040	->2045	->2050	2050
Fiskå	108	-7	-1	1	3	-7	99
Syvde	106	-5	-4	-10	-8	-8	60
Åheim	69	-15	-4	-1	-7	-15	24
Totalt	275	-27	-9	-10	-12	-30	161

Når det gjeld tal for barn i barnehagealder, så gir prognosane følgjande tal – også her i høve til skulekrinsinndelinga – med utviklinga fram mot 2050:

Skulekrinsane	Status	Endring	Endring	Endring	Endring	Endring	Status
Barnehagebarn	2025	->2030	->2035	->2040	->2045	->2050	2050
Fiskå	57	1	3	1	-7	-8	47
Syvde	52	-5	-5	-4	-3	-3	32
Åheim	26	2	-1	-7	-9	-5	6
Totalt	135	-3	-3	-10	-19	-16	85

For grunnskulebarn får vi ein sterk nedgang i byrjinga av perioden og mot slutten av perioden. Når det gjeld barnehagebarn, så kjem nedgangen i slutten av perioden.

Sjølv om vi kan flytte nokre ressursar frå oppvekst til omsorg, så må vi truleg også endre på drifta og organisasjonsstrukturen. Dette gjeld både kva tenester vi kan tilby samt måten vi organiserer tenestene våre på. I tillegg til dette må vi truleg også sjå på:

- auke inntektene ved eigedomsskatt, vindmøller eller liknande
- vurdere organisasjonen og sjå på tenestenivået til kommunen

1.1.3.2 Organisasjon til Vanylven kommune

Kommunen har tidlegare hatt tenesteproduksjon i dei største grunnkrinsane, som Fiskå, Åheim, Syvde, Sylte, Åram, Eidså og Rovde. Medan no er tenesteproduksjonen i all hovudsak knytt til Fiskå, Åheim og Syvde. Desse tre krinsane har i dag skule og barnehage, medan resten av tenesteproduksjonen i hovudsak er sentralisert til Fiskå. Dette gjeld institusjon, heimeteneste, legekontor, brannstasjon, verna bustad, arbeidssenter og omsorgsbustadar. I dag har vi omsorgsbustadar på Åheim, Syvde og Rovde samt bibliotek i Syvde, Åram og Rovde. Kommunen er i dag organisert slik for å drifte tenestene og prosjekta våre:

Kommunedirektør – Andreas Chr. Nørve

Reetabl. FLS - Solveig Menes	Ressursbanken - Silje Ekroll Riborg	Årsturnus - Karoline Lundås	Helseplattform - Arnt Grønvold
Stabsleiar - Marte Woldsund Saure	Kommunalsjef HEOM - Eli Tefre Nordal	Kommunalsjef teknisk - Ronny Prozenko	kommunalsjef KUOP - Janne K. Torvanger
Økonomileiar - Elias Botnen	Kommuneoverlege - Cecilie Oppdal Lillejord	Byggingeniør - Kim Ekremsæter	Skulefagleg ansvarleg - Sølvi E. Sjøstad
Økonomikonsulent - Natalia Kuznetsova	Leiar forvaltningskontor - Janita Nybø	GIS-ingeniør - Oddvin Aarskog	Barnehagefagleg ansv. - vakant
Lønsansvarleg - Mette Osnes Kriken	Leiar verna bustadar - Sunniva A. Rye	VAR- Ingeniør - Mads Kjelstadli	Konsulent oppvekstk. - May-Britt Svastuen
Lønnskonsulent - Monika Skår	Leiar avlastinga - Anne-May Sætrevik	Landbruksrådgjevar - Randi Aarønæs	Ungdomsarbeidar - Veslemøy Ervik
Politisk sekretær - Kåre Kvangarsnes	Leiar aktivitetstilbod - Jens Erling Lillebø	Teknisk konsulent - Guri Brekke	Rektor Myklebust skule - Reidar Baade
Arkivansvarleg - Silje B. Hellebust	Leiar omsorgss. (avd.2) - Katrin Brekke Sunde	Prosjektleiar - Stig Rusten	Rektor Åheim skule - Ole Martin Brudevoll
Konsulent arkiv - Stine Storeide	Leiar omsorgss. (avd.3) - Rose-Mari Nygård	Leiar Brann og hamn - John Sindre Kragset	Rektor Fiskå skule - Sylvia Baade
Fagkoordinator servicet. - Sonja Lade	Leiar omsorgss.(kjøken) - Hanne Fiskaa Øren	Arbeidsleiar uteavd. - Per Gunnar Nordal	Vaksenopplæringa - Lars Jonasmo
Sekretær servicetorg - Irma Kristine Moen	Leiar rehab/førebygging- Agnethe Fagerhol Sandvik		Leiar ressurspedagog - Nina Refsnes
HR-leiar - Aasta Hamre	Leiar legekantoret - Beate H. Aasen		Barnehagestyrar Syvde - Ingvill Lillebø Slettestøl
	Leiar flyktingtenesta - Arnhild Nordaune		Barnehagestyrar Åheim - Tove Ekremsæter
			Rektor kulturskulen - Lena Landsverk Sande
			Leiar bibliotek - Tim Bock
			Leiar kultur og fritid - Lena Landsverk Sande
			Leiar frivilligsentral - Randi Irene Helgøy


Vi har i dag 21 avdelingar; 2 fagseksjonar i teknisk og 4 prosjekt med prosjektleiar. Vi må gjennomføre ei ressurskartlegging av alle desse tenestene i prosjektet, dette saman med 21 fagstillingar som i hovudsak er knytt til administrative funksjonar.

Prosjektet Vanylven 2027 må vurdere andre måtar vi kan organisere oss på, slik at vi får ein smidig og omstillingsdyktig organisasjon. Kommunen har frå 2021 prøvd ei matrise-organisering knytt til prosjekt- og fokusområde, som må evaluerast i prosjektperioden. Deretter må prosjektet også sjå på moglegheita for ein omlegging til nettverksorganisering, der tenestene blir autonome – spesielt i høve utvikling av tenestene; samhandling på tvers samt bruk av AI (kunstig intelligens).

Dette med at organisering og innføring av kunstig intelligens heng saman, støttes av KS sin rapport [«Barrierer og muligheter i kommunal sektors arbeid med kunstig intelligens»](#) av 18. april 2024 – og det siterast frå side 7:

«For å realisere de fulle gevinstene ved bruk av ny teknologi, er det avgjørende å jobbe med endring av organisering, arbeidsmåter og arbeidsprosesser. Dette kan innebærer en endring av hvordan kommunene styres og organiseres. Flere offentlige virksomheter som NAV, Skatteetaten, UDI og Statens pensjonskasse arbeider aktivt med å endre styring og organisering fra hierarkiske og rigid strukturerte enheter til en mer fleksibel, responsiv og desentralisert styring og organisering.»

Kommunane står truleg ovanfor eit paradigmeskifte knytt til struktur, der vi går frå hierarkiske , én-dimensjonale linjeorganisasjonar; til to-dimensjonale matriseorganisasjonar, og til tre-dimensjonale nettverksbaserte organisasjonar (Havstrøm, 2020, s. 54):



Prosjektet Vanylven 2027 må i prosjektperioden prøve ut nettverksorganisering for enkelte avdelingar, slik at vi kan evaluere og vurdere om dette kan innfasast i 2027.

Uavhengig av organisering, så må kommunen ha fokus på sjukefråværsarbeid og arbeide systematisk med tiltak som kan forbedre arbeidsmiljøet – ein reduksjon på ein prosent gir innsparing på kr 800.000. Dette må også prosjektet sikre. Sektorane og stab har følgjande tal på stillingar, årsverk og sjukefråvær per april 2024:

	Helse og omsorg	Kultur og oppvekst	Teknisk	Stab
Stillingar	221	138	42	18
Årsverk	151,43	109,5	15,9	17,3
Sjukefråvær	9,68 %	13,12 %	13,31 %	10,82 %

1.1.3.3 Tenestene til Vanylven kommune

Kommunedirektørens organisasjon har følgjande tenester som sektorane utøver og som går fram av [tenesteskildringa vedteke i kommunestyret 9. mai 2023](#):

Helse- og omsorgssektoren	Kultur- og oppvekstsektoren	Tekniske tenester	Stab
Sjukeheim og omsorgstenester	Barnehage	Byggesak	Startlån
Heimebasert omsorg	Grunnskule	Kart og oppmåling	Tilskot – tilpasse bustad
Tenester i heimen	Alternativ opplæringsarena	Kommunale vegar	Parkeringskort
Legeteneste og helsestasjon	Familie- og læringscenteret	Vassforsyning	Ledsagerbevis
Skulehelsetenesta og helsestasjon	Pedagogisk rettleiingsteneste	Avløp	
Forvaltningskontoret	Vaksenopplæringa	Renovasjon	
Dagtilbod	Bibliotek	Landbruk	
Psykisk helse og avhengigheit	Kulturskulen	Næring (eige næringssselskap)	
Sosiale tenester (NAV interkom.)	Kulturavdelinga	Eigedom (eige aksjeselskap)	
Flyktingtenesta	Frivilligsentralen		
Bustad – for vanskelegstilte	Barnevern (interkommunalt)		

Tenester som prosjektet må spele inn ved revisjon av tenesteskildring, er å ta med startlån, tilskot til bustadtilpassing, parkeringskort og ledsagerbevis under stab samt kart- og oppmåling og eigedom under teknisk og gjeldsrådgiving under NAV. Desse er lagt inn her Det same gjeld helsestasjonen som er lagt inn under helse- og omsorgssektoren, og det blir vist til at dette i tenesteskildringa låg under familie- og læringscenteret (FLS). Flyktingtenesta og frivilligtenesta er også nye tenester.

Kommunen har følgjande dataløysingar til desse tenestene – her er det ikkje teke med pedagogiske hjelpeprogram eller kontorstøtteprogramma i Microsoft Office365:


Helse- og omsorgssektoren	Kultur- og oppvekstsektoren	Tekniske tenester	Fellessystem (stab)
Helseplattformen - EPJ	Vigilo	Komtek – gebyr	Acos – sak- og arkiv
Visma Flyt - samhandlingssystem	Conexus	Norkart – kartløysingar	Visma – ERP
Shiftmanager – turnussystem		Shift-manager timeføring brann	Compilo – avvikssystem
Sensio – tryggleiksalarmer		Famac - vaktmeister	eXtramile - opplæring
Sensio – pasientvarslingssystem		Kommunekart - Sunnmørskart	House of Control-avtalar
		Stoffkartotek –brann og teknisk	Webcruiter
		Varsling24 - SMS	Documaster – eldre arkiv
			Pureservice –IKTsupport

Vanylven kommunen gjekk ut av IKT-samarbeidet 1. januar 2024 og alt er på «skya».

1.1.4 Utanforskap - talgrunnlaget til kommunen

Utanforskap er ei aukande utfordring i dei fleste kommunane i Norge. Dette gjeld for alle aldersgruppe, men er spesielt utfordrande for dei yngste aldersgruppene. Dersom vi ser på statistikken som NAV utarbeider, så er Vanylven kommune den kommunen i Møre og Romsdal med størst utanforskap. Dette kan vere grobotn for kriminalitet, rusutfordringar og utfordringar i høve psykisk helse – tala for Søre Sunnmøre er:

Utenforskap i Møre og Romsdal (20-66 år)



Dersom vi ser på forholdet mellom våre innbyggjarar i arbeid, utdanning trygd og utanforskap, så har vi følgjande tal i Vanylven kommune:

Arbeid, utdanning, trygd og utanforskap

= 1%



1 675 personer i alderen 20-66 år bosatt i Vanylven per desember 2021


Kommunen må spesielt ha fokus på den gruppa som ikkje har noko form for aktivitet eller inntekt og som i Vanylven kommune er på heile 14,6 % - og som i aldersgruppa 20-66 år er på heile 244 personar i desember 2021. Tala er utarbeid sentral frå NAV, men er for mange vanskeleg å forstå og akseptere, men dette er noko som kommunen må ta på alvor og som må vere ein del av Vanylven 2027. Dette er ikkje noko nytt og det blir vist til ein kronikk som kommundirektøren hadde i Kommunal Rapport i 2018, med tittelen [«Det er typisk norsk og vere god, men...»](#)

1.1.5 Økonomi – delegasjon, leiing og resultat


Kommunestyret har delegert mynde for drifta til kommunedirektøren i vedtak av [7. september 2020 i k-sak 65/20](#) og dette har kommunedirektøren deretter vidaredelegert til sektorane – og gjeldande delegasjonsskriv er frå 21. mars 2024. Kommunedirektøren har ansvar for styring og leiing – herunder internkontroll – av kommunen og har difor utarbeidd eit styringsdokument [«Styring og leiing»](#), der [«Reglement for internkontroll»](#) er vedlegg.

I tillegg til at kommunedirektøren har ansvaret for at organisasjonen utfører oppgåvene, som er gitt i tenesteskildringa, så har kommunedirektøren i oppgåve å førebu, setje i verk og følgje opp politiske vedtak – som ofte kjem i tillegg til ordinær drift som program, prosjekt og planar. Slike oppgåver kan vere ressurskrevjande å gjennomføre, og det er difor viktig med ein god oversikt og god plan for å sikre gjennomføringa av desse oppgåvene.

Spesielt utfordrande kan det vere til oppfølging av investeringsprosjekt, driftsprosjekt og planarbeid, og som samla vil vere porteføljen som kommunedirektøren har ansvaret for. For å sikre god porteføljestyling, så nyttar kommunen Trello til [porteføljestylinga](#). Dette blir presentert i PowerBI slik, der kommunen i april 2024 hadde 73 pågåande program, prosjekt og planar, med slik fordeling på sektorane og fasane:




I tillegg til å sjå fordeling av porteføljen på sektorane og fordeling knytt til kva fase prosjekta er i, så viser visualiseringa av porteføljen også prioriteringa til kommune og kva berekraftsmål i samsvar med samfunnsdelen desse oppgåvene er knytt til.



Oppgåvene i porteføljen blir i Trello fortløpande vurdert etter tid, kvalitet, ressursar og risiko, og dette bli også presentert i PowerBI.

Resultatet av korleis kommunen blir styrt og leia kan vi få analysert gjennom [Kommunekompasset](#), som er ein nordisk mønsterplan for drift av kommunar. Denne analysen har kommunen gjennomført i 2014, 2016, 2018 og 2023, med følgjande tal:



Prosjektet «Vanylven 2027» må leggje føringane i Kommunekompasset til grunn, og sjå på forbetningsområde som vi må arbeide mot 2027 og som vi må leggje inn i prosjektet. Dette slik at vi sikrar at kommunen held fram den positive utviklinga når det gjeld arbeidsmetode – så vil resultatata kome etter kvart.

Dersom vi skal sjå på resultatata til kommunen, så gir Kommunebarometeret ei god oversikt over dette – der alle kommunane i landet blir rangert etter det som er innrapportert nasjonalt gjennom mellom anna KOSTRA:

Område	Vekting	2019	2020	2021	2022	2023
Grunnskule	20%	30.	8.	17.	23.	11.
Pleie og omsorg	20%	389.	372.	287.	247.	304.
Barnehage	10%	93.	171.	158.	9.	105.
Barnevern	10%	325.	190.	295.	124.	192.
Økonomi	10%	60.	228.	276.	238.	309.
Helse	7,5%	150.	137.	16.	125.	171.
Sosialteneste	7,5%	29.	124.	249.	228.	312.
Kostnadsnivå	5%	326.	295.	216.	165.	164.
Kultur	2,5%	168.	79.	328.	177.	242.
Miljø og ressursar	2,5%	253.	242.	289.	281.	146.
Sakshandsaming	2,5%	25.	44.	72.	166.	257.
Vatn og Avløp	2,5%	188.	143.	130.	220.	187.
TOTALT		28.	121.	159.	91.	177.

1.1.6 Planar, reguleringsplanar og infrastruktur

Kommunen må i tillegg ha kommunedelplanar, temaplanar og strategiar knytt til kommuneplanen på dei områda som det er behov for å fokusere på. Kommunen har følgjande oversikt over planar og strategiar, som var lagt på [høyring 23. januar 2024](#):

Kommuneplan	Vedt.	Frå-til	Oppst.	Rullering	Sektor	k-sak	Dato:	Lenke
- samfunnsdel	2023	2023-40		2024	Stab	36/23	09.05.23	Plan
- arealdel	2014	2014-20	2023		Stab	58/23	22.05.23	Plan
- økonomiplan	2023	2024-27		Årleg	Stab	143/23	12.12.23	Plan
Kommunedelplan	Vedt.	Frå-til	Oppst.	Rullering	Sektor	k-sak	Dato:	Lenke
Klimaplan	2019	2018-19		2027	Teknisk	59/19	07.05.19	Plan
Plan for anlegg	2005			2024	KUOP	2/05	10.01.05	Plan
Kulturminneplan	2021	2021-24		2025	KUOP	4/21	08.02.21	Plan
Trafikktrygging	2019			2024	Teknisk	96/19	03.09.19	Plan
Landbruksplan	NY		2023		Teknisk	44/23	14.03.23	Plan
Helse og omsorg	NY		2024		HEOM			
Naturmangfald	NY		2024		Stab	62/24	09.04.24	Plan
Kystsonoplan(inter)	2021		2018		Teknisk	140/21	19.10.21	Plan
Temaplanar	Vedt.	Frå-til	Oppst.	Rullering	Sektor	k-sak	Dato:	Lenke
Barn og unge	2019	2019-23		2024	KUOP	32/19	19.03.19	Plan
Plan – brukarori.	2018	2018-22			Stab	22/18	03.04.18	Plan
Temaplan for vatn/av	2023	2023-33		...	Teknisk	59/23	27.06.23	Plan
Plan for demokrati	2019	2019-23		2025	Stab	13/19	04.02.19	Plan
Folkehelseoversikt	2021	2021-24		2024	HEOM	92/21	06.09.21	Plan
Vald nære relasjonar	2021	2021-25		2026	HEOM	17/21	08.02.21	Plan
Eldreplan	2019	2018-26		2027	HEOM	11/19	04.02.19	Plan
Legeplan	2018	2018-22		2024	HEOM	21/18	03.04.18	Plan
Frivilligpolitikk	2017	2018-22		2025	Stab	112/17	11.12.17	Plan
Veteranplan,inter	2017	2018-22		2024	Stab	51/17	08.05.17	Plan
Smittevernplan	2019	2019-23		2024	HEOM	35/19	30.10.19	Plan
Alkoholpolitisk plan	2020	2020-24		2024	HEOM	15/20	24.02.20	Plan
Bustadsosial handl.	2009	2009-12		2024	HEOM	89/09	20.10.09	Plan
Plan-byggvedlikehald	2022		2023		Teknisk	121/22	12.12.22	-
Plan - vegvedlikehald	2022		2023		Teknisk	121/22	12.12.22	-
Overordna Beredsk.	2023	2024-27		2024	Stab	94/23	05.09.23	Plan
Overordna ROS	2018	2017-21	2023		Teknisk	7/18	13.02.18	u.off.
Strategiar	Vedt.	Frå-til	Oppst.	Rullering	Sektor	k-sak	Dato:	Lenke
Strategisk næringspl	2015	2015-20		2024	Teknisk	7/15	17.02.15	Plan
Kommunikasjonsstr.	2023	2024-27			Stab	90/23	05.09.23	Plan
Digitaliseringsstrategi	2023	2024-27			Stab	87/23	05.09.23	Plan
Innkjøpsstrategi	NY		2023	2023	Stab	63/23	13.06.23	Plan
Utviklingsstrategi	2019	2019-22			Stab	60/19	07.05.19	Plan
Eigarskapsmelding	2019	2019-20		2024	Stab	129/19	21.10.19	Plan
Styring og leiing	2023	2024-27			Stab	97/23	05.09.23	Plan
Rekrutteringsstrategi	2023	2023-26			Stab	6/22	13.12.22	Plan
Arbeidsgjevarstrategi	2023	2024-27			Stab	4/23	03.03.23	Plan
Overordna kompet.	2016	2016-17	2023	2023	Stab	4/23	03.03.23	Plan

For å sikre nødvendig omstilling i Vanylven frå 2027, så er det viktig at kommunen har eit oppdatert og levande plangrunnlag. Kommunedirektøren nyttar høve til å sitere Roald Amundsen (Amundsen, 1912, s. 208):

«Seier venter den, som har alt i orden – hell kaller man det. Nederlag er en absolutt følge for den, som har forsømt å ta de nødvendige forholdsregler i tide – uhell kalles det.»

Dette fokuset var også bakgrunnen for kronikk i [Kommunal Rapport frå 2018](#), der kommunedirektøren viste til:

«Brannsløkking og ad-hoc-løysingar kan ikkje erstatta gode planar. Det er når vi arbeider planmessig at vi lukkast – både med utvikling av lokaldemokratiet og med økonomi og tenestekvalitet.»

Planstrategien legg eit godt grunnlag for fokus på planarbeidet. Spesielt knytt til at kommuneplanen vil vere oppdatert i 2025 – dette gjeld då både samfunnsdelen og arealdelen. Prosjektet Vanylven 2027 kan også sjå på om det er planer og/eller strategiar som skal gå ut eller vere vedlegg til andre planar og strategiar.

Målet med planarbeidet og prosjektet må vere å tilpasse kommunen si drift og tenester til dei demografiske endringane, med fokus på økonomisk berekraft og effektivitet i levering av offentlege tenester. Dette kan vi måle opp i mot dei finansielle måltala til kommunen, samt at kommunen gjennom prosjektet må sjå på andre botnliner enn økonomi, slik som utanforskap, grønn drift og liknande.

Kommunen må vidare sikre nødvendig infrastruktur for å få nødvendig utvikling og dette gjeld både vegar; tomter; vatn og avløp samt fiberinfrastruktur til næringslivet, innbyggjarane og andre samarbeidspartar. Spesielt vil fiberinfrastruktur vere viktig i høve velferdsteknologiutvikling og sensorteknologi som er nødvendig for ei smartare styring av kommunale bygg og VA-anlegg og for bruk av IoT i kommunale teneste.

1.1.7 Endringar og tiltak sidan 2021 som bør vidareførast i Vanylven 2027

Prosjektet må sjølv vurdere behov for endringar og nye tiltak for å sikre ei berekraftig drift av kommunen frå 2027, men det er likevel naturleg å sjå på kva som er gjort dei siste åra som må vidareførast i prosjektet.

2022: Samanslåing av heimetenestene

Etablering av forvaltningskontor for helse og omsorg

2023: Etablering av ressursbank i helse – og omsorg

Visma-samarbeid på løn og økonomi

Etablering av porteføljestyrringsverktøy for kommunen ved bruk av Trello

Tilgang- og rollestyring gjennom eAdm for alle dataløysingane til kommunen

Vedtak om ein ungdomsskule for elevane i Vanylven kommune

2024: Etablering av alternativ opplæringsarena (AOA) for grunnskuleelevar

Etablering av kommunen sine dataløysingar som skytenester

Innføring av Helseplattformen som samhandling for heile helse- og omsorg

Bruk av PowerBI som visualisering av data frå Trello, Visma og Acos

Vidare så må prosjektet sjå på følgjande potensiale for vidareutvikling av tenestene og tenesteproduksjonen:

2024 Kartlegge dagens tenestereise og deretter sjå på nye tenestereiser, dette opp i mot innbyggjarane og næringslivet sine forventningar i høve kommunale tenester. Nytt designdreven innovasjon som metode – DOGA.

2024: Ressurskartlegging av alle tenester, som ikkje har gjennomført dette i 2023/24
Digitalisering av søknadsskjema for søknad om SFO og barnehage
Automatisering av bestilling av PC og PC-utstyr gjennom eAdm og Atea

2025: Kartlegging av potensiale for digitalisering og automatisering av søknadar
Testdrift av nye Vanylven kommunen frå 1. september – 31. desember 2025

Det vil vere naturleg at kommunedirektøren kartlegg fleire moglegheiter knytt til fornying og robotisering fram til den nye prosjektleiaren er på plass, samt at prosjektleiaren knyter kontakt med andre kommunar for studiebesøk og dialog.

1.2 Effektmål

Kvifor? Skildre dei gevinstane eller effektane som prosjekteigar ventar å oppnå ved å gjennomføre prosjektet. Ofte vil slike effektar først inntreffe ei stund etter at hovudprosjektet er gjennomført og avslutta. Effektmålet bør vere knytt til kommunen sine strategiske mål.

I utgangspunktet må prosjektet her sjå til samfunnsdelen av kommuneplanen, men det er truleg også aktuelt å justere denne i samband med arbeidet i dette prosjektet. Prosjektet bør også sikre at vi har ein oppdatert kommuneplan – både når det gjeld samfunnsdelen og arealdelen.

Målet med prosjektet vil uansett vere å førebu kommunen på utfordringa som kjem med fleire eldre og færre yngre, og dermed færre hender i arbeid. Vidare å sikre tenester som førebyggjer utanforskap og helseutfordringar for både unge og eldre. Dette kan vi måle gjennom [folkehelsebarometeret](#) og [innbyggjarundersøkinga](#) . Når det gjeld tenestene til kommunen, så viser innbyggjarundersøkinga dei siste åra ei slik utvikling:

	2015	2017	2019	2021	Endring 15-21
Serviceetog	4,7	5,0	5,0	4,9	0,2
Internett	4,1	4,2	4,5	4,3	0,2
Barnehage	5,0	5,1	5,1	4,9	-0,1
Grunnskule	4,4	4,3	4,6	4,0	-0,4
Fritidstilbod for ungdom	4,2	4,5	4,5	4,0	-0,2
Heimehjelp	4,4	3,8	4,6	3,6	-0,8
Heimesjukepleie	4,5	4,2	4,9	4,3	-0,2
Heildøgns omsorgsteneste	4,5	3,7	4,5	4,4	-0,1
Fastlege	3,9	3,2	3,9	4,5	0,6
Legevakt	4,5	3,7	4,2	4,6	0,1
Bibliotek	5,3	5,4	5,3	5,4	0,1
Kulturskulen	-	4,8	4,9	4,3	-0,5
Tenestetilbodet totalt	4,2	4,0	4,4	4,3	0,1
Snitt totalt	4,4	4,1	4,5	4,5	0,1

Innbyggjarundersøkinga vil også bli gjennomført våren 2024 og vil såleis vere eit godt kunnskapsgrunnlag for prosjektet i høve opplevd tenestekvalitet.

Målet er også å sikre gode, effektive og robuste tenester på alle tenesteområda, og dette målt mot Kommunekompasset, Kommunebarmometeret og ressursanalysar. Kommunen gjennomførte ein [ressursanalyse i 2017 ved bistand frå Telemarksforsking](#), og det vil vere naturleg at prosjektet også gjennomfører ein tilsvarande analyse i 2024/2025.

1.3 Resultatmål lang sikt

Utforming av ein prosjektplan, inkludert tiltak for kostnadsinnsparing og effektivisering i kommunen sine ulike sektorar. Når det gjelder konkrete innsparingstiltak, så må vi leggje til grunn følgjande resultatmål for prosjektet:

Resultatmålet for prosjektet må vere å redusere produksjonen og auke effektiviteten, slik at vi har innsparing på kr 4.000.000 i 2027; kr 6.000.000 i 2028 og kr 8.000.000 i 2029. Det er vidare klart at vi må førebu oss fram mot 2027 og vi vil allereie i 2025 ta ned drifta med kr 2.100.000 – og dette er eit oppdrag som var gitt i kommunalsjefsmøte 8. april 2024.

1.4 Resultatmål for aktuell fase

Prosjektet skal i prosjektperioden har avklart tenestenivået til kommunen; fasa inn nye metodar for digitalisering og robotisering samt utarbeidd ein ny organisasjonsmodell for drift av kommunen.

1.5 Rammer og avgrensing

Prosjektet si totale tidsramme er frå 15. mai 2024 til 31. desember 2026 og det skal rapporterast til KLT kvar måned på tidsplanen og avvik i høve denne.

Kostnadane er per dags dato avgrensa til kr 450.000 i året - med totalt kr 900.000. Dette skal finansierast gjennom OU-mildar/skjønnsmidlar på kr 600.000 og kr 300.000 innanfor eigen budsjettamme på stab.

Prosjektet bør ha ein ekstern rettleiar og det bør gjennomførast ei ekstern ressurskartlegging av alle tenestene – den ekstern ressurskartlegging er planlagt utlyst i august 2024.

2. PROSJEKTORGANISASJON

Oppdragsgjevar: Kommunestyret
Prosjektansvarleg: Ordførar Paul Sindre Vedeld
Prosjektleder: Kommunedirektør Andreas Chr. Nørve
Styringsgruppe: Kommunedirektøren sitt leiarteam (KLT)
Prosjektgruppe: Kommunedirektøren og kommunalsjefane
Referansegruppe: Mellomleiarane og frivillige organisasjonar i kommunen

3. PROSJEKTOPPFØLGING

3.1 Vedtakspunkt

Det er to obligatoriske vedtakspunkt i eit prosjekt: oppstart og avslutning. Er det behov for vedtakspunkt utover desse to? Kva skal i så fall vurderast og kva dokumentasjon/ informasjon må vere tilgjengeleg? Sett opp liste over vedtakspunktmøter med dato og kva vedtakspunkt (dokumentasjon) som må vere til stades.

Oppstartsmøte: 15. mai 2024

Prosjektavslutning: 31. desember 2026

3.2 Statusrapportering

Det er viktig at det blir gitt statusrapportering kvar sjette månad og at det blir gitt ei utfyllande statusrapportering, som eventuelt kan gi grunnlag for å justere prosjektet – eventuelt kansellere det og det skal rapporterast:

Første statusrapport: 03.01.2025

Andre statusrapport: 03.07.2026

3.3 Milepælar

Nr	Dato	Tilstand/delmål
01	15.05.2024	Oppstart med prosjektplan Prosjektplanen må gi oversikt over endringar dei siste åra samt kva prosjektet skal oppnå og arbeidsmetoden.
02	01.01.2025	Interesseavklaring og risikovurdering Interesseavklaring av alle aktuelle partar og risikovurdering av prosjektet
03	01.03.2025	Digitalisering og robotisering Oversikt over gjennomførte tiltak og kartlegging av nye område og tenester – med pilotering av løysingar
04	01.07.2025	Skisse til ny organisering av kommunen Ekstern ressurskartlegging av alle tenestene blir lyst ut i august 2024 - som gir tal for grunnbemanning i tenestene
05	01.09.2025	Forsøksprosjekt med Nye Vanylven kommune Testar dagleg drift av kommunen med ei gruppe nøkkelpersonar frå 01.09.25 – 31.12.25
06	01.06.2026	Ekstern evaluering av forsøksprosjektet. Dette når det gjeld erfaringane som er gjort av dei tilsette, politikarane, innbyggjarane og andre samarbeidspartar
07	01.09.2026	Risikovurdering Prosjektet må utføre ein ny risikovurdering etter at prosjektet er avslutta og det skal planleggast ny drift
08	01.11.2026	Avslutning – utkast til organisering av Nye Vanylven Politisk sak med forslag til endringar av organisasjonen, digitalisering, styringsmodell, rutinar og reglement

Milepæloversikta vil bli oppdatert etter interesseavklaringa og risikovurderinga og det vil vere prosjektleiareren som vil få ansvaret for å oppdatere og justere både prosjektplanen og då også milepæloversikta.

4. MÅLGRUPPER, INTERESSENTAR OG KOMMUNIKASJONSSTRATEGI

4.1 Interessentar/målgruppe

Aktør /interessent	Aktøren si interesse	Grad av påverknad	Prosjekttiltak/ aktivitetar
Kommunalsjefane	Organisering av sektoren/tenestene	S	Ekstern ressurskartlegging av dei ulike tenestoområda
Tilsette	Kompetansekrav til stillingane i tenestene	M	Etter- og vidareutdanning av dei tilsette for å møte endringane
Politikarane	Overordna styring og strukturendringar	S	Etablere gode styringssystem og rapporteringssystem
Innbyggjarane	Tenestetilboda til dei ulike tenestene	M	Digitalt kompetanseheving og gode tenesteskildringar
Næringslivet	Tenestetilbodet som berører næringslivet	L	Informasjon og dialog med næringsforeininga

4.2 Kommunikasjonsstrategi

Aktør	Mål	Bodskap	Kommunikasjonsform	Ansvarleg
Kommunalsjefane	Bevisstgjerjing	Endringsbehov	Møte, dialog og samlingar	k-direktør
Tilsette	Kartlegging	Kompetansekrav	Kurs, utdanning og skule	k-sjefane
Politikarane	Styringssystem	Styring	PowerBI og informasjon	k-direktør
Innbyggjarane	Informasjon	Kompetanseheving	Kurs og informasjonstiltak	stabsleiar

5. RISIKOVURDERING

5.1 Risikofaktorar

Risikofaktor	Sannsyn	Konsekvens	Mottiltak
Endringsmotstand	H	H	Kommunikasjonsstrategi for prosjektet
Dårleg omdømme	M	M	Openheit om prosessar og risikoar
Rekrutteringsutfordringar	H	L	Sikre ekstern støtte i prosjektperioden
Økonomiske utfordringar	L	H	Budsjettere uføresette utgifter i prosjektet

Risikovurdering av prosjektet er viktig, fordi dette er eit stort prosjekt som vedkjem alle og det er viktig at vi fokuserer på risikofaktorane og set inn mottiltak. Vi har erfaring frå både VEXIT og innføring av Helseplattformen, som vi kan ta med oss når vi skal risikovurdere «Vanylven 2027».

Dette vil vere eit omfattande arbeid som det er viktig å kome raskt i gong med og som prosjektleiaren må ha fokus på både i forkant, undervegs og ved avslutning av prosjektet.

6. GJENNOMFØRING

6.1 Hovudaktivitetar

Hovudaktivitet	Formål	Delaktivitet	Resultat
Kartlegging av utført endringsarbeid i perioden 2021-2024	Sikre å ta med seg arbeid som er gjort i forkant av prosjektet	1. Sjå på omorganisering 2. Sjå reglement/rutinar 3. Sjå på strategiar/planar	
Risikovurderingar av prosjektet	Sikre at vi er kjend med risikoane og at vi kan setje inn tiltak	1. Risikovurderingar 2. Etablere rutinar/reglement 3. Avvikshandtering	
Interesseavklaring av alle interessentane	Sikre at vi har innspel frå alle aktuelle grupper i kommunen	1. Interesseavklaring politisk 2. Interesseavklaring tilsette 3. Interesseavklaring borgar	
Digitalisering- og robotiseringsprosjekt i tenestene	Kartleggje tenestene for digitalisering og robotisering	1. Kva har vi i dag 2. Kva finnes i marknaden 3. Kva kan vi implementere	
Ressurskartlegging av tenestene som ikkje har gjennomført dette i 2022/2023	Dette må gjerast for å sikre ein effektiv tenesteproduksjon	1. Kartleggje kva tenester 2. Lyse ut på anbod 3. Gjennomføre kartlegginga	
Planlegge forsøksprosjektet med Nye Vanylven kommune	Prøv ut ein annan modell for administrativ	1. Risikovurdering 2. Avklare ressursbehov 3. Bemanning av stillingar	
Evaluering av forsøksprosjektet etter dette er avslutta	Fokus på kva som her gått bra og kva som ikkje har gått bra	1. Interessekartlegging 2. Fokus på avvik 3. Utarbeiding av rapport	
Risikovurdering, reglement og rutinar for Vanylven 2027	Viktig å sikre at vi har grunnlaget for ein ny organisasjon på plass	1. Risikovurdering 2. Planstatus og arbeid 3. Reglement og rutinar	
Planleggje ny organisasjon for Vanylven 2027	Prosjektet har som mål og gi skisse til ein ny organisasjonsmodell	1. Rapport for forsøksprosjekt 2. Rapport for ressuroversikt 3. Rapport for digitalisering	

«Vanylven 2027» er eit stort prosjekt. Det må difor utarbeidast ein eigen framdriftsplan – og dette kan gjerast av prosjektleiaren dersom vi får tilsett denne til august 2024. Dersom vi ikkje får tilsett ein prosjektleiar, så vil kommunedirektøren ta ansvaret for å få utarbeidd ein detaljert framdriftsplan.

Dersom «Vanylven 2027» skal implementerast i organisasjonen, så er det viktig at det grunnleggande er på plass, og det vil vere følgjande:

- Ressursbehovet – kjem fram av ressurskartlegginga, digitalisering og forsøksprosjektet
- Digitalisering – det er viktig å sikre at tiltaka som er utgreidde kan setjast i verk
- Planar – kommuneplanen, kommunedelplanar og temaplanar må vere oppdatert
- Risikovurdering – gjennomføre risikovurdering for mellom anna reglementet og rutinar

I den avsluttande fasen, så kan det vere greitt å gjennomføre dette saman med ekstern ressurs. Vi kan då ha eit kritisk blick på resultatet og løysinga for korleis vi skal løyse drifta av kommunen med utfordringane når det gjeld demografi, utanforskap, press på kommunale tenester og svakt næringsliv - samt få offentlege arbeidsplassar.

6.2 Tids- og ressursplanar

Hovudaktivitet	Tidsplan (år og månad)																								Ressursar			
	2024				2025												2026											
	Mai-sep	Okt	Nov	Des	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug		Sep	Okt	Nov
Prosjektleiing	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	750 timar
Interesseavklaring	X	X	X																									375 timar
Risikovurdering		X	X	X																								375 timar
Digitalisering					X	X	X	X																				500 timar
Ressurskartlegging								X	X	X	X																	500 timar
Forsøksprosjekt												X	X	X	X	X												625 timar
Evaluering av forsøk																	X	X	X	X	X							625 timar
Ny risikovurdering																						X	X	X	X			500 timar
Ny organisering																									X	X	X	375 timar
Totalt																									4.625 timar			

Tids- og ressursplanen er tentativ og vil bli oppdatert etter at risikovurderinga er gjennomført. Det vil vere prosjektleiaren som må prioritere dette i starten av prosjektet samt i samband med at hovudaktivitetane blir justert. Vedkomande timesbruken som er stipulert, så må dette også avstemmast mot stipuleringa under økonomi i neste punkt – dette må også gjerast av prosjektleiaren.

Det vil også vere naturleg at det blir utarbeidd ein meir detaljert tids- og ressursplan i Trello som blir visualisert gjennom PowerBI

6.3 Ressurs- og kompetanseplan

Namn	Kva	Tidsperiode	Timeverk(timar)
Kommunedirektør	Prosjektleder	apr. -24 -> des. -26	20 % (750 timar)
Eksternt konsulentfirma	Prosjektstøtte	jan. -25 -> des. -26	10 % (350 timar)
Kommunalsjef HEOM	Prosjektgruppe	sep. 24 -> des. -26	10 % (350 timar)
Kommunalsjef KUOP	Prosjektgruppe	sep. 24 -> des. -26	10 % (350 timar)
Kommunalsjef teknisk	Prosjektgruppe	sep. 24 -> des. -26	10 % (350 timar)
Stabsleder	Prosjektgruppe	sep. 24 -> des. -26	10 % (350 timar)

Her er timeverk i prosent knytt til årsverk og timar er knytt til heile prosjektet. I tillegg til det som her er oppført så kjem timeverk(timar) i kommunedirektørens leiarteam (KLT), som er styringsgruppe til dette prosjektet.

7. ØKONOMI

Kostnad	Beløp	Finansieringstype og kjelde	Beløp
Interesseavklaring	100.000	Eigen ramme	300.000
Ekstern ressurskartlegging	600.000	OU-midler	600.000
Digital transformasjon	200.000		
Sum	900.000	Sum	900.000

Det blir lagt til grunn at administrasjonen vil kunne finansiere med OU-midler på kr 600.000 og kr 300.000 på eige ramme.

8. KONTRAKTER OG AVTALAR